


KOMMUNEDELPLAN FOR

HERØY

STRATEGISK NÆRINGSUTVIKLING



<i>Sist revidert 02.07.2020</i>	
<i>Vedtak om oppstart med planprogram</i>	<i>30.10.2014, K-sak 136/14</i>
<i>Stadfesting av planprogram i komite for næring, kultur og idrett</i>	<i>16.03.2015, sak 17/15</i>
<i>Vedtak om utlegging til offentlig ettersyn</i>	<i>30.06.2020 F-sak 99/20</i>
<i>Offentlig ettersyn i perioden xx – xx</i>	<i>09.06.20-11.09.20</i>
<i>Kommunedelplanen er vedteken i Kommunestyret</i>	<i>xx.xx.xxxx, K-sak xx/xx</i>
<i>PlanID</i>	<i>1515 201604</i>

Innholdsliste

1.0 Bakgrunn for revisjonen.....	3
1.1. Overordna føringar.....	3
1.2 Føringar for arbeidet.....	5
2. Målsetting 1.....	7
2.1 Utfordringar ved målsetting 1.....	8
2.2 Moglegheiter ved målsetting 1.....	10
2.3 Satsingsområdet ved målsetting 1.....	12
3.0 Målsetting 2.....	13
3.1 Utfordringar ved målsetting 2.....	13
3.2 Moglegheiter ved målsetting 2.....	15
3.3 Satsingsområdet ved målsetting 2.....	17
4.0 Målsetting 3.....	18
4.1 Utfordringar ved målsetting 3.....	19
4.2 Moglegheiter ved målsetting 3.....	20
4.3 Satsingsområdet ved målsetting 3.....	21

1.0 Bakgrunn for revisjonen

Kommunedelplan for strategisk næringsutvikling er ei revidering av gjeldande strategisk næringsplan for perioden 2002-2005. Planen har status som ein kommunedelplan og skal fungere som eit overordna styringsverktøy for prioritering av tiltak knytt til næringsutvikling i kommunen. Målgruppa for strategisk næringsplan er det private næringslivet, kommuneorganisasjonen og lag- og organisasjonar. Planarbeidet vart starta opp i 2014 etter innspel frå komité for næring, kultur og idrett. Kommunestyret vedtok oppstart av planarbeidet 30.10.2014, K-sak 136/14, og Formannskapet i Herøy stadfesta planprogrammet 16.03.2015 F-sak 17/15.

1.1. Overordna føringar

Arbeidet med strategisk næringsplan omhandlar samhandling mellom kommunen og næringsliv, der kommunen si rolle er å legge til rette. Dette vil sikre ei langsiktig utvikling i tråd med næringslivet sitt behov og gjere Herøy kommune attraktiv å besøke, bu og arbeide i. Det er difor naudsynt at kommunen kartleggjer og dokumenterer framtidige utfordringar og oppdaterer kunnskapsgrunnlaget kontinuerleg. Dei overordna føringane for næringsarbeidet til kommunen er forankra i kommuneplanens samfunnsdel (2013-2025).

Gjennomgåande perspektiv

Universell utforming

Folkehelse

Barn og unge

Likestilling

Verdiskaping

Miljø og Klima

Samfunnsdelen (2013-2025) peika på seks gjennomgåande perspektiv. Ut frå dei gjennomgåande perspektiva har ein fem satsingsområder. Hovudmålet i «Strategisk næringsplan for 2020-2024» er ei vidareføring av kommuneplanens samfunnsdel (2013-2025) i eit næringsperspektiv. Målet er at vi gjennom å bygge på våre fortrinn, skal nyttiggjere dei moglegheitene som ligg innanfor berekraftig vekst, samtidig som vi har ein sterk sysselsetjingsvekst i privat sektor. Målet skal mellom anna nåast gjennom å satsa på arealtilrettelegging, byutvikling og infrastruktur, fiskerihamner, kompetanseutvikling, næringsklynger og lærlingplassar, gründerar, handel og nyetableringar, forenkling overfor næringslivet

og bruk av innovative offentlege innkjøp, og fokus på berekraft og grøn vekst.

Fem satsingsområde

Heilskapleg sentrums-

Og samfunnsutvikling

Infrastruktur

*Kompetanse og-
næringsutvikling*

*Rekruttering, busetting og-
inkludering*

*Barn, unge og-
identitetsbygging*

For å spisse planen valte arbeidsgruppa den 13.11.2017 seks satsingsområder som har særskilt betydning for næringsutviklinga i Herøy;

- Byutvikling og handel i Fosnavåg
- Industri i Dragsund
- Maritim og havbruk
- Nyskaping i Herøy
- Utdanning og kompetanse
- Reiseliv.

I arbeidet med strategisk næringsplan er arbeidsgruppa sine satsingsområder slått saman til tre målsettingar. Dette er gjort ettersom fleire av satsingsområda er tett

knyta til kvarandre. Med å sette fleire saman, kan ein styrke planen og auke samskaping, samarbeid og få eit heilskapleg perspektiv på tvers av områda.

Målsettinga i planen er:

- 1. Fosnavåg skal vere eit attraktivt kommunesentrum for innbyggjarar og besøkande, der kommunen vil leggje til rette for trivsel, sosiale møterom og imøtekomme handelsnæringas behov.**
- 2. Herøy kommune skal bidra til å stimulere til næringsutvikling og kompetansebygging innanfor marin sektor, reiseliv, maritim og industriell verksemd.**
- 3. Herøy kommune skal leggje til rette for nyetablering og aktivt støtte etablerte verksemdar i kommunen.**

Gjennom å bygge på kommunen og næringslivets fortrinn skal ein nyttiggjere dei moglegheitene som ligger innanfor berekraftig vekst, samtidig som kommunen har ei sterksysselsettingsvekst i privat sektor. Gjennomføringsstrategien skal supplerast med oppdatert status, perspektiv og prioriteringar.

1.2 Føringar for arbeidet

FNs berekraftsmål er verdas felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, utjamne ulikheiter og stoppe klimaendringane innan 2030. FN definerer ei berekraftig utvikling på følgjande måte:

«Utvikling som imøtekjem dagens behov utan å øydelegga moglegheitene for at kommande generasjonar skal få dekt behova sine»

FNs berekraftsmål går over fleire arenaer som miljø, økonomi, kultur og samfunnsutvikling. Næringslivet og kommunen har ei sentral rolle i å arbeide mot måla. Skal kommunen klara å nå desse, må det leggest til rette for



FNs BÆREKRAFTSMÅL

innovasjon og vidare omstilling. Berekraftsmåla gjev difor viktige føringar for Herøy kommune sitt arbeidet med næringsutvikling.

Herøy kommune ynskjer gjennom ein aktiv næringspolitikk, å bidra til at FNs berekraftsmål forsterkar næringslivet og skapar framtidretta arbeidsplassar som er sosialt, økonomisk og miljømessig berekraftige. Livskraftige og berekraftig næringsliv skapar også verdiar som påverke miljøet og samfunnet rundt oss. Det gir gode moglegheiter for innovasjon og utvikling, og er ein grunnleggande føresetnad for korleis næringslivet kan bidra mot berekraftsmåla. Herøy kommune vil gjennom ein aktiv og tydeleg næringspolitikk bidra til at FNs berekraftsmål vert tatt opp i kommuneorganisasjonen samt kan påverke for å skape ei berekraftig næringsutvikling. Strategisk næringsplan har ei sentral rolle i dette arbeidet, Herøy kommune løfter fram særskilt seks mål som er avgjerande for ei berekraftig næringsutvikling:



Mål 5 handlar om å fremme likestilling mellom kjønnene. Dette omhandlar å verdsette ubetalt omsorgs og hushaldningsarbeid. Sikre kvinner like moglegheiter i medverknadsprosessar i det politiske, økonomiske og offentlege liv, sikre lik løn mellom kjønnene og styrke kvinner og jenters rolle i samfunnet.



Mål 8 handlar om å fremme økonomisk vekst og sysselsetjing. Dette handlar om konkurransekraftig og omstillingsdyktig næringsliv som skal sikre vekstkraft og likeverdige levekår i heile landet.



Mål 9 handlar om få fram innovasjon og styrke berekraftig innovasjon, likestilling og industrialisering over heile landet. Gjennom omstilling, informasjonsutveksling og innovasjon sikre ein effektiv ressursbruk og nye teknologiformar og industriprosessar som er mindre ressurskrevjande og meir miljøvenlege.



Mål 11 er å gjera byar og tettstader inkluderande, trygge, robuste og berekraftige. Dette handlar om ein særleg berekraftige areal- og transportplanlegging, ei styrkt knutepunktutvikling, vek tleg sosiale kvaliteter i dei bygde omgivnadene og arbeide for å inkludere innbyggjarane og gje dei likeverdige levekår i utsette by og tettstadsområde.



Mål 14 omhandlar å verne og bruke hav og marine ressursar på ein måte som fremmar berekraftig utvikling, forvaltning, biologisk mangfald, auke tilgangen mellom marine ressursar og marknad, styrke informasjon og vitskap innom fangst og forvaltning av havets ressursar.



Mål 17 omhandlar samarbeid. Dersom kommunen skal lykkast med berekraftsmåla, trengs det nye og sterke partnerskap. Myndigheiter, næringslivet og samfunnet må samarbeide for å oppnå berekraftig utvikling. Det er viktig at ein tilbyr partnerskap og synleggjer samarbeidsviljen.

Verkemidla til kommunen for berekraftig utvikling er særleg innanfor arealplanlegging, samferdsel, bygg, avfallshandtering, innan jord- og skogbruk, og kommunens eiga drifts- og tenesteproduksjon. Kommunen vil vere ein pådrivar overfor næringsliv, organisasjonar og befolkning, og vil leggje til rette for ei berekraftig utvikling. Kommunen ynskjer å bidra til at næringslivet også omstiller seg til ei berekraftig produksjon og konsumpsjonsmønster- med å integrere berekraftsmåla i sine verksemder. Dette vil styrke næringslivet og auke tilliten mellom konsumer og produsent. Det ligg eit stort potensiale for innovasjon og utvikling i næringslivet å arbeide for berekraftig løysingar.

2. Målsetting 1

Fosnavåg skal vera eit attraktivt kommunesentrum for innbyggjarar og besøkande der kommunen vil leggje til rette for trivsel, sosiale møterom og imøtekomme handelsnæringas behov.

Målsetting 1 tar for seg reiseliv, byutvikling og handel i Fosnavåg der Herøy kommune si rolle som næringsutviklar heng saman med kommunen sin rolle som samfunnsutviklar. Der kommunen skal vera ein pådrivar for lokal utvikling og leggje til rette for næringslivet. Gjennom å utarbeide tre målsettingar som dekke fleire viktige næringsområde i Herøy kommune ynskjer kommunen og få ein næringsplan som bidreg til samskaping mellom kommunen; det private næringslivet og innbyggjarane.

Gjennom reiselivsrapporten *Runde-det reine eventyret* og kunnskapsgrunnlaget som blei utarbeida med arbeidsgruppa, har ein valt og fokusere på utfordringar, moglegheiter og satsingsområder ved målsettinga.

2.1 Utfordringar ved målsetting 1

- Herøy vert i dag omtalt som middels reiselivskommune med nokre aktørar som tilbyr reiselivstenester innanfor naturoppleving, fiske, kultur og historie. Ei utfordring framover vil vera å samordna aktørane og tilby koordinerte tenester som booking-system og informasjon om opplevingspakkar. Med å stå samla kan ein presentere «Havlandet» på best mogleg måte.
- Kommunen har i dag ein turistinformasjon på rådhuset, som eit lågterskel tilbod med avgrensa opningstider. Det vil vera viktig å tilby praktisk informasjon gjennom digitale plattformer. Dette vil gjere det enklare og meir praktisk for tilreisande og få informasjon om til dømes opningstider, kart, parkerings moglegheiter, attraksjonar med fleire.
- Bruke kultur som verdiskaping gjennom å auke kunnskapen og bevisstheit om lokal kultur; tradisjonar; historie og naturarv og symbol som gjev grunnlag for utvikling av identiteten til innbyggjarane i kommunen.

- Mange av dei verksemdene som har vore med å utvikle Fosnavåg gjennom offentleg-privat samarbeid er svært utsett for konjunktursvingingar. Vidare samarbeid for utvikling av Herøy og Fosnavåg vil vere avhengig av eit tettare samarbeid med det private næringslivet, der ein fokuserer på mindre og kostnadseffektive prosjekt, som gjev stor ringverknad for samfunnet.
- Fosnavåg sentrum består i dag hovudsakeleg av butikkar som er eigd av lokale verksemder som drive nisjebutikkar. Næringsarealet i sentrum er ikkje tilpassa moderne butikkar, Fosnavåg har såleis ikkje klart å tiltrekke seg så mange store kjeder. Fosnavåg manglar apotek og andre kjedebutikkar som har eit stabilt kundegrnlag og kan gje ringverknader for handelsnæringa.
- Fosnavåg har i dag ei utfordring når det kjem til parkering. Det er behov for at dei som arbeide i sentrum fjernparkere, dette vil gje fleire ledige plassar og ein unngår gateparkering utanfor butikkar. Med dagens parkeringsstruktur er Fosnavåg lite attraktivt for gåande, syklande og for personar med mobilitetsvanskar. Sentrum manglar også grøne områder og sosiale møtestadar som stimulerer trivsel.
- Handelsaktørane må ha eit felles mål om å auke handelen i Fosnavåg gjennom felles tiltak og oppmuntre folk til å handle lokalt. Kommunen har også eit ansvar for å handle lokalt og skape næringsvekst gjennom offentleg innkjøp.
- Handelsnæringa peikar på at avstanden til andre handelsområde vert stadig «kortare». Difor er det alt viktigare å arbeide tett for å tilby varer som innbyggjarane ynskjer, men også vera innovative tilby netthandelsløysingar.
- Nedbygging av kulturlandskapet som er nytta til slått og beite er ei utfordring ettersom landskapet er med på å forme «Havlandet». Det vil verta utfordrande å ivareta landskapet om areal vert omdisponert eller at ingen ynskjer å drifte

gardsbruka. Landskapet vert tiltalende og det vert ein attraksjon for tilreisande som kjem for å sjå og oppleve vår kommune.

2.2 Moglegheiter ved målsetting 1

- Turisme i Herøy er basert på natur og opplevelsesturisme. Tradisjonelle næringer som fiske, jordbruk og fangst kan utviklast til opplevingar. Kommunen har fuglefjellet Runde som er eit merkenamn og ein kan byggje vidare på dette merkenamnet. Gjennom å synleggjere fjell, hav, ver- og vindforhold og naturkrefter kan ein skape ringverknader i heile kommunen.
- Stadig fleire ynskjer å besøke Runde og andre attraksjonar i «Havlandet» for å sikre vidare utvikling må kommunen arbeide strategisk for meir tilrettelegging av naudsynt infrastruktur som toalett, parkeringsplassar ved turstiar, fleire turstiar og skilting.
- Kommunesentrumet Fosnavåg er per i dag ikkje påverka av turismesesongar, difor «døyr» ikkje byen ut når turismesesongen er ferdig. Likevel er det naudsynt at det skapast aktivitet. Dette for å tiltrekke turistar, men også for å styrke næringslivet. Samarbeid mellom handelsnæringa, reiseliv og kommunen kan stimulere vekst og aktivitet. Gjennom å skape aktivitet som julemarknad, nisjebutikkens dag, superonsdag med fleire, kan ein auke overskottet i næringslivet. Det er også viktig å arbeide for å få fleire lojale kundar og syte for at butikkane har eit tilbod til alle besøkande og at butikkane har opent når kundane vil handle.
- Fosnavåg har areal og moglegheit for å fylle ut i sjø og skape nytt land. Dette kan gje nye moderne bygg som kan gje nye moglegheiter for utvikling av næringslivet i kommunen. Ved nybygg må ein ta omsyn til næringslivet sitt behov å leggje til rette for næringsverksemd på grunnplanet, og kontor eller leilegheiter i dei andre etasjane. Slike tiltak kan skape ein «levande by» der folk arbeide og bur tett.
- Kommunen kan styrke sentrum med å flytte kommunale tenesteområder til sentrum, dette kan føre til ein positiv spiral der fleire aktivt bruker kommunesentrumet. Eit levande sentrum kan gje ringverknader der fleire ynskjer å opphalde seg i kommunesentrumet. Kommunen må verte betre på å

utvikle og marknadsføre tilgjengelege tomter, husvær og lokalar til næringslivet, innbyggjarar og tilflyttarar.

- Ved å rydda opp i parkeringsforholda i sentrum vil ein få eit heilskapleg og attraktivt sentrum. For å få betre gjennomstrøyming bør ein vurdere å innføre tre timars parkering i Fosnavåg. Då vil det alltid vera tilgjengelige parkeringsplassar og ein vil unngå organisert gateparkering.
- For å skape eit godt sentrum, er det viktig å satse vidare på grøne rekreasjonar, universell utforming og meir tilrettelagt for heilskapleg handel i sentrum. Kommunesentrumet skal vere ein plass for alle og vere innbydande for besøkande.
- Det finns gode moglegheiter for samarbeid mellom academia, turismenæringa, ÅKP, hoppid og kommunen. Eit samarbeid vil vere særst gunstig for alle partar og vere med på å auke kompetanse og nytenking innom området turisme og sentrumsutvikling. Kommunen og næringslivet burde saman bidra for å skape eit slikt samarbeid.
- Saman med innbyggjarane, administrasjonen og politikarane skal me bygge eit samfunn som tek vare på og utnyttar næringspotensialet i den kulturhistoriske identiteten, kulturlandskapet og identiteten til Herøy samfunnet.
- Digitalisering av handel og turismenæringa gjev nye moglegheiter. Med ei felles nettløysing kan ein reklamere for butikkane i Fosnavåg og synleggjere produkter. Digitale løysingar i reiselivet vil auka eksponering og profilering av «Havlandet». Det er viktig at samhandlinga mellom digitalisering, reiseliv, byutvikling og handel forsette.
- Kulturlandskapet er ein del av identiteten til Herøyværingar, og eit stort trekkplaster for dei som besøker kommunen. Det er difor viktig at kommunen

arbeider for ei berekraftig areal bruk og der ein ser dei langsiktige løysingar som gjev gevinst over lengre tid.

2.3 Satsingsområdet ved målsetting 1

Herøy kommune og næringslivet har etablert eit utviklingselskap som skal styrke reiselivsnæringa i Herøy og andre aktørar utanfor Herøy kommune. Gjennom «Havlandet AS» vil ein koordinere reiselivstenester og vere med på å utvikle Herøy som berekraftig destinasjon, koordinere utviklinga, auke samhandlinga mellom handelsnæringa, kommunen og innbyggjarane. Strategisk næringsplan vert eit styringsdokument for dette arbeidet. Kommunen ynskjer ei utvikling som styrker kvaliteten på destinasjonen Herøy, for lokalbefolkninga, næringslivet, handelsstanden, turistane og utflytta Herøy-væringar.

- Styrke samskapinga mellom kommunen, Herøy næringsforum, innbyggjarar og handelsforeninga
- Leggje til rette for eit meir attraktivt sentrum gjennom å forskjønne Fosnavåg med grøne lungar, skilt, benkar, tydeleg parkeringskultur, rekreasjonar, vrimle områder og sosiale møteplassar
- Starte opp produktutviklingsprosjektet som skal utvikle nye konkrete «produkt» som marknadsføre destinasjonen Herøy
- Etablere turistinformasjon og digital turistinformasjon for destinasjonen Herøy

- Samarbeide for at alle trekk i same retning, og at arbeidet «Havlandet AS » gjer heng saman med arbeidet Visit Norway, Visit Fjord-Noreg og Visit Sunnmøre og Ålesund
- Fleire skilt, kulturløyper og turstiar som er tilrettelagt for universell utforming og ruste opp eksisterande turstiar
- Samle kommunale funksjonar til kommunesentrumet for å styrke Fosnavåg og skape eit levande sentrum
- Offensiv marknadsføring av tomter og næringsareal
- Kommunen og næringslivet må ta på seg vertskap rolla og måle forbedringspotensial og aktivt arbeide for forbedring

3.0 Målsetting 2

Herøy kommune skal bidra til å stimulere til næringsutviklinga og kompetansebygging innanfor marin sektor, reiseliv, maritim og industriell verksemd. Positiv næringsutvikling knytast ofte til at det finns interne drivkrefter som stimulerer til vekst. Gjennom å etablere nye næringsområder og styrke eksisterande næringsliv og nettverk, stiller Herøy sterkare for framtida. For å vere ein aktiv aktør og bidragsytar innanfor næringsområde, må næringslivet og bransjen gje konkrete forslag eller innspel til kommunen. Kommunen kan til dømes leggje til rette for næringsutvikling innan reiseliv, industri, maritim verksemd, gründerverksemd gjennom blant anna næringsareal. Det vil krevje sterk samhandling med næringslivet for å utføre tiltak som gjev høg avkastning for Herøy samfunnet over lengre tid.

3.1 Utfordringar ved målsetting 2

- Fleire aktørar meiner at det er behov for å skape gode rammevilkår for næringsutvikling, innovasjon og samskaping, gjennom tettare samarbeid

mellom kommuneadministrasjonen, akademia, forskning, Ålesund kunnskapspark, det politiske miljøet og næringslivet.

- Tettare samarbeid mellom kommunen, Kystverket og fylkeskommunen for å byggje ut og styrke naudsynt infrastruktur som hamneanlegg, bruer, vegar og andre trafikkale løysingar som industri og næringsverksemdene er avhengige av.
- Næringslivet synar til at det er utfordrande å ha «mjuke» grenser mellom industriområder, skule, barnehagar og byggefelt. Det bør avklarast om ein skal sette klarare arealavgrensingar for å styrke industriområda si framtidig utbyggingsbehov.
- Verksemdar innan offshore og oljesektoren, har vore svært utsett for konjunktursvingingar noko som har ført til opplag av skip. Denne næringa har sysselsett svært mange og vore svært lønsam. Usikkerheita i marknaden og framtidige periodar med økonomisk nedgang vil gje endringar for næringslivet, kommunen, innbyggjarane og handelsstanden.
- Det er ei aukande trend at ein sentraliserer fiskemottak i landet og legg ned lokale fiskemottak. For å få ei positiv utvikling i fiskerisamfunnet Herøy må ein leggje til rette for det lokale fiskemottaket. Utan mottaket kan andre lokale verksemdar som tilbyr utstyr og reparasjon også forsvinne over tid.
- Det er eit generasjonsskifte innom fiske, havbruk og fiskeforedling. Det er viktig at næringa får rekruttert naudsynt arbeidskraft. Det vil vere avgjerande og skape tettare samarbeid mellom næringa og utdanningsinstitusjonane for å sikre kompetanseoverføring til neste generasjon.
- Tilboda ved Herøy vidaregåande skule er stadig truga av nedlegging, og for lokalsamfunnet er det viktig å ha eit lokalt utdanningstilbod og ein lokal rekrutteringsarena. Framover vil det vere viktig å styrke rekrutteringa frå

skulen til lokalt næringsliv, men også synleggjere kva tilbod og moglegheiter som finns i Herøy.

- Utdanningsnivået bland innbyggjarane er lågare i Herøy kommune enn elles i landet, det er få stillingar som er tilpassa for personar med høgare utdanning. Samstundes er det aukande skilnad mellom kvinner og menn når det gjeld utdanningsnivå, der kvinner oftare utdanne seg noko som føre til at fleire kvinner vel å reise vekk frå Herøy.
- Tidlegare har utdanning vore sett på som unødvendig i Herøy-samfunnet, men samfunnet rundt oss vert meir akademisk og formalisert. Det er avgjerande at næringslivet og kommunen signaliserer til ungdommen at utdanning er viktig og gjev gode moglegheiter.
- Det er ei aukande trend at alt fleire yrker har skjerpa utdanning- og kompetanse-krava til ulike stillingar. Dette ser ein særskilt i maritim næring, der krava til å arbeide på båt er skjerpa. Utan kurs eller naudsynt sertifisering får ein ikkje arbeid. For Herøy er dette ei samfunnsutfordring som vil råke næringslivet i eit lengre perspektiv.
- Næringslivaktørar som tidlegare måtte samarbeide for å skape utvikling har no meir tendert over til at dei har vokse seg såpass store at dei klarer det meste sjølve. Dette har truleg ført til at samarbeidet mellom næringslivet er vorte redusert. På sikt kan dette gje utfordringar men også moglegheiter.
- Både kommunen, næringslivet og andre opplever at det å behalde spesialisert arbeidskraft er like utfordrande som å rekruttere. Særleg gjeld dette arbeidstakarar som ikkje har tilknytning til Herøy og som reiser igjen etter kort tid.

3.2 Moglegheiter ved målsetting 2

- Herøy har i dag eit næringsliv som viser vilje til å samarbeide med vidaregåande skule og høgare utdanningsinstitusjonar. Næringslivet ynskjer å bidra og meiner det er særst viktig å vidareføre det samarbeidet som har vore med grunnskulane og vidaregåande.
- Samarbeidsprosjekt mellom næringslivet, det offentlege og akademia er svært viktig for å auke innovasjon, kunnskap og næringsgrunnlag. Herøy ligg nærme kompetansesenter som Høgskulen i Volda og NTNU i Ålesund, fagskulen i Ålesund, Ålesund kunnskapspark samt Runde miljøsentra. Det er viktig at kommunen og næringslivet bruke nærleiken og offensivt søker samskapsningspartnarar i akademia. Dette kan styrke klyngemiljøet samt gjere det meir attraktivt for unge å studere i nær regionen.
- Herøy kommunen ynskjer å kanalisere og oppfordre for nyetablering av verksemdar i Dragsund og auke marknadsføringa av området. Plasseringa av Dragsund industriområde, er geografisk nærme den maritime klynga og har grunnlag for ei positiv utvikling.
- Det er få formelle strukturar mellom næringslivet og utdanningsinstitusjonane, difor er det låg terskel for framtidig samarbeid. Næringslivet kan formidle kva framtidig kompetanse som næringa behøver i framtida. Utdanningsinstitusjonane kan rettleie og vise moglegheitene i Herøy. Dette kan føre til både auka status for yrkesfag og trygghet i val av høgare utdanning.
- Næringslivet og Herøy vidaregåande bør samarbeide ved å etablere nye linjer. Med å styrke skulen med nye linjer vert Herøy vidaregåande skule meir attraktivt, samstundes som næringslivet får ein rekrutteringsarena.
- Tall frå Møre og Romsdal fylkeskommune visar at det er høg del eldre over 51 år som er aktive i arbeidstakarar. Dette gjev eit godt grunnlag for framtidig behov for å tiltrekke yngre arbeidskraft til fylket og kan bidra til at fleire med fagutdanning busett seg i fylket.

- Skape eit positivt bilete av næringskommunen Herøy gjennom å bruke studentar og utflytta Herøy-væringar som ambassadørar for kommunen og regionen. Det er viktig å lage uformelle hendingar som næringstreff for unge for å synleggjere moglegheitene i Herøy.
- Næringslivet og kommunen må forstå kvifor kvalifisert arbeidskraft vel og å forlate regionen, slik at ein kan arbeide med tiltak for at tilflyttarar vert buande i regionen. Det er avgjerande å tiltrekkje og behalde kompetanse. Difor må ein få ei forståing for underliggande utfordringar, om ein skal sikre ei berekraftig samfunnsutvikling.
- Både i kommunal og privat verksemd kan ein nyte godt av å kartleggje kva kompetanse som finns i dei ulike næringsmiljøa i Herøy. Dette kan synleggjere kva næringsmoglegheiter som finns i kommunen og langtidsbehovet.

3.3 Satsingsområdet ved målsetting 2

Herøy kommune og næringslivet vil styrke det offentleg privat samarbeidet i lokalsamfunnet, det er næringslivet som skapar levande og berekraftige lokalsamfunn ved å sikre arbeidsplassar og tenestetilbod. Næringslivet og innbyggjarane må bidra til dei interne drivkrefter som stimulerer til vekst. Kommunen vil stimulere og bidra med prosessarbeidet og sikre kommunikasjon med myndighetsaktørar for å sikre utvikling. Kommunen si rolle i denne samanhengen er å legge til rette og vera ein stabil samhandlingspartner for å sikre ei berekraftig næringsutvikling. For god næringsutvikling er politisk velvilje og samarbeid viktig for å synleggjere resultat og vidareføre arbeidet med næringsutvikling.

- Kommunen skal ha tilgjengeleg areal for servicenæring og lett industri gjennom å regulere og få hand om byggegrunn.
- Samarbeide tett med fylkeskommunen for gode infrastrukturløysingar til industri og næringsverksemdar, i tett dialog med næringslivet sine behov.
- Styrke samhandlinga mellom det private næringslivet og kommunen for å rekruttere fagutdanna Herøyværingar heim igjen å arbeide etter «triple helix» modellen.
- Arbeide for å styrke Herøy vidaregåande skule gjennom tettare samarbeid mellom næringslivet, skule og andre aktørar for å utvikle utdanningslinjer med fokus på reiseliv og maritim teknologi.
- Auke satsinga på lærlingplassar i samarbeid med det private næringslivet og Herøy kommune

Herøy kommune vil arbeide aktivt for å styrke vidare-/etterutdanning gjennom tilrettelegging i kvardagen og utdanningsstipend med bindingstid i kommunal sektor. Kommunen må oppmode private verksemdar til å gjere liknande tiltak.

- Utarbeide interkommunal plan for kystsona for og avklare sjøareal, verdiskaping og anna næringsaktivitet i kystsona.

4.0 Målsetting 3

Herøy kommune skal leggje til rette for nyetablering og aktivt støtte etablerte verksemdar i kommunen. For å nå målet må Herøy-samfunnet vere ein aktiv partner, som både internt og eksternt har fokus på å finne dei beste løysingane for eigne innbyggjarar. Innovasjon i offentleg sektor er eit forholdsvis nytt omgrep der innovasjon er ein prosess som er med å utvikle nye idear og realisera dei slik at dei gjer meirverdi for samfunnet. Gjennom å vere open for innovasjon og nye løysingar, vil kommunen bidra til betre løysingar for eigne innbyggjarar, samtidig som me kan skape nye løysingar, produkt og tenester saman med lokalt næringsliv.

4.1 Utfordringar ved målsetting 3

- Det finns mange støtteordningar både lokalt, regionalt og nasjonalt, men det er vanskeleg å finne informasjon om dette. For mange utgjør den byråkratiske søknadsprosessar og handsaming av søknader eit hinder, om ein ikkje får rettleiing.
- Næringslivet i Herøy er hovudsakeleg basert rundt eksport, og i tider med store konjunktursvingingar, vert samarbeidet med kommunen og andre interesseorganisasjonar nedprioritert
- Næringslivet i Herøy har fokus på råvare og tenesteytande næringsstruktur. Innovasjonsgraden i denne næringa er høg, men ofte spesialdesigna til enkelte prosjekt, noko som gjer det vanskeleg og overføre innovasjonen til andre prosjekt og næringar.
- Møre og Romsdal har ein låg del av dei totale FoU-utgiftene i Noreg og brorparten av nasjonale forskingsmidlar blir kanaliserte via universitetsmiljøa. Likevel må kommunen vere ein støttespelar for næringslivet for å hente midlar frå det offentlege i regi at nasjonale og internasjonale myndigheiter.
- Ei utfordring er at gode planar og intensjonar ikkje vert fylt opp av kommunen. Såkalla «skuffeplanar» er utfordring og noko som kommunen, innbyggjarane og næringslivet må følgje opp. Utan legitimitet forsvinne tilliten til kommunen.
- Det er avgjerande for nyskaping i Herøy at tilbod som hoppid-kontor og arena for nyskaping forsette. Utan tilbod vil dette kunne gjere det langt meir utfordrande for ideegarar å få realisert sine prosjekt då mangel på informasjon, rettleiing og oppfølging vert langt vanskelegare.
- Herøy sin geografiske plassering, kombinert eit moderne maritimt næringsmiljø, gjer at kommunen er med på innovasjon og utvikling innan

marin og maritimverksemd. Ei utfordring er å leggje til rette for nyskaping utanfor tradisjonelle kjerneområde som havbruk og maritim verksemd.

4.2 Moglegheiter ved målsetting 3

- Herøy er eit av fleire nasjonalt tyngdepunkt innan det maritime klynga, difor er det viktig å støtte opp om eksisterande klynge innanfor maritim og marin nettverket. Aktørar i næringslivet kan støtte kvarandre gjennom å nytte tenestene som vert tilbode lokalt.
- Herøy kommune sin nærleik til høgskulen i Volda og NTNU i Ålesund, fagskulen i Ålesund samt kompetansen på Runde miljøsentar er strategisk viktig for god samfunnsutvikling. Med å ha utdanningsinstitusjonar lokalt, kan ein enklare samarbeide med utdanningsinstitusjonane; få eit lokalt utdanningstilbod og tilby å spele på kvarandre.
- Gjennom at kommunen satser på næringsutvikling gjennom sine budsjett i samarbeid med Hoppid og Herøy næringsforum ved Havlandet AS kan ein gje tilbod som mentorhjelp, kurs og kompetanseutvikling eller økonomisk stønad frå NAV som stimulerer skapargleda.
- Herøy kommune ligg plassert utanfor store urbane områder noko som burde gje langt lågare leigekostnadar for kontor og lager. Dette kan vidareutviklast og retast mot nystarta verksemdar som behøve låge kostnader i oppstartsfasen.
- Auka digitalisering og betra kommunikasjonsverktøy, føre til større fridom for arbeidsgjevar og arbeidstakar til å velje kvar dei vil arbeide frå. Med å satse på fjernarbeidsplassar vil ein synleggjere kva moglegheiter som finns i Herøy og styrke nærings-attractiviteten.

- Kreativitet, læring og interaksjon mellom tilsette og mellomleiarar og leiinga er avgjerande for innovasjonsprosessar i Herøy kommune. Med korte kommunikasjonsveggar mellom tilsett og overordna, eit høg ansvarsnivå og høg grad av fridom kan den enkelte tilsette bidra til innovasjon og nyskaping.
- Herøy kommune er ein liten kommune med høg næringsaktivitet. For vidare utvikling er ein avhengig av internasjonalt samarbeid. Herøy har mange aktørar som arbeidar på ein global marknad og dreg erfaringar og kunnskap til regionen. Dette har vore viktig for å auke eigen kompetanse i regionen.
- For å auke interesse for entreprenørskap og nyskaping bør næringslivet og kommunen ha eit fokus på entreprenørskap i skulen og ideen om ein meir næringsnær skule. Med å involvere ungdomsskulen kan det kommunale utdanningssystemet vera ein ressurs for verdiskaping, nyetableringar og innovasjon i Herøy, slik at unge potensielle gründerar vert i framtida nyskapande medarbeidarar, både i privat og offentleg sektor.
- Med å ha eit tett samarbeid med næringslivet kan ein starte verksemdsbesøk og etablere meir formell møteplass for ideeigarar og gründerar for å dele kunnskap og informasjon. Dette kan også vere ein møteplass der næringslivet og privat personar møte yngre verksemder med gode idear som har behov for investering.

4.3 Satsingsområdet ved målsetting 3

Herøy kommune og næringslivet har etablert eit selskap som skal styrke næringsutviklinga i Herøy kommune. Gjennom dette selskapet vil ein arbeide saman med næringslivet, kommunen og lokalsamfunnet for å stimulere for nyskaping. Dette krevje eit aktivt og engasjert samfunn, slik at kommunen får innspel om behov og ynskja tiltak der kommunen kan spele ei rolle. Gjennom samspel med lokalsamfunnet kan Herøy kommune leggje til rette for nyetablering, og aktivt støtte etablerte verksemder i kommunen. For å oppnå dette må ein synleggjere resultat og

vidareføre arbeidet med næringsutvikling, i det positiv næringsutvikling er avhengig av samarbeid, tillit og politisk velvilje. Kommunen vert i denne samanhengen ein samarbeidspartnar der Havlandet AS er ei drivkraft for næringsutvikling.

- «Havlandet» som skal jobbe med tilrettelegging for nyskaping og arbeide for å trekke verksemder til Herøy. Tilby ein arena for idémyldring, sparringspartnarar og møtestad for potensielle gründerar.
- Havlandet vil utvikle i nettsider med informasjon knytt til nyskaping, tilgjengelege stønadsordningar og korleis ein søke i samarbeid med Hoppid og Ålesund kunnskapspark.
- For å styrke gründermiljøet og nyskaping i Herøy vil kommunen vurdere å etablere eit gründerfond.
- Innovasjon og verdiskaping skal være et viktig satsingsområde for kommune organisasjonen, og det skal vera større bevisstheit til næringsaspektet i dei prosjekt kommunen medverkar i.
- Kommunen skal vera innovative ved offentlege innkjøp for å bidra til nærings- og produktutvikling ved kjøp frå lokalt og regionalt næringsliv.
- Utvikle ei skaparglede i Herøy og opne kommunen opp for gründerverksemder og entreprenørskap.
- Utforske om «Havlandet» kan verte ein del av «Blått kompetansenettverk» for å samarbeide om utdanning, rekruttering, innovasjon og forskning i marine og maritime nærmiljø.